

Neste laurdag - 21. mars - får Dønhaugkjedlaren vitjing av Terje Frigaard med band. Han vert omtala som eit fyrverkeri av ein live entertainer som leverer eit tøft, stilfullt og gnistrande rocking'blues show med eit strålende band i ryggen.

Etter at Terje Frigaard gav ut sitt første. album "Thrill Walk" i 2002 og "Terje Frigaard" EP frå 2006, har han turnert jamnt og trutt og hausta god omtale. Mange kvinnheringar har nok opplevd han på Skånevik Bluesfestival.

Sidan han har sine røter frå Kvinnherad, har han jamnt og trutt hatt konsertar her i distriktet.

Mykje av låtmaterialet som Frigaard presenterar live er signert av inspirasjonskjelder som The Fabulous Thunderbirds, Kim Wilson, Kid Ramos, Junior Wells og Chuck Berry.

Å oppleve ein intim-kveld i Dønhaugkjedlaren med dette live-bandet, er noko som trygt kan anbefalast.

Av Magne Huglen